

TIRSDAG 7. OKTOBER 2008



CD



«Slåttar på tunga»

ARTIST: Berit Opheim Versto.

SELSKAP: Lindberg Lyd

Slåttetralling i meisterklasse

Her i Telemark heiter det å *tulle* slåttar – vestpå kallar dei det å *tralle* slåttar. Berit Opheim Versto er frå Voss og derfor trallar ho. Og ho trallar så det kan gå kaldt nedover ryggen på ein stakkars platepratar. Høyr til dømes på slåtten som er så vrien at han har fått namnet *Jørnvrenja*, ein springar etter Ola Mosafinn. Her myldrar det av dei mest eksotiske tonesprang, men Berit trallar klokkeklart og uanstrengt frå nivå til nivå – og held oss på strak arm slåtten til endes.

Her er også eit par-tre slåttestev slik at vi kan forstå korleis denne trallinga har oppstått. I slåttestevet syng kvedaren først ein stutt tekst, og så trallar ho i veg på hardingfelevis. På eit par spor er det lagt til ei understemme, jamvel to, og det kunne gjerne vore eit par «avvik» til av same slaget – for variasjonens skyld.

Dei siste par åra har Berit Opheim Versto gitt ut album med så vel salmar og jazz-viser som samtidsmusikk. «Slåttar på tunga» fortel til overmål at ho slett ikkje hadde gløymt folkemusikken...

■ ■ ■ TORE SKAUG